

**Den nye landbruksministeren sitt ja til utbygging av 1000 mål dyrka mark i Trøndelag er eit stort steg i feil retning.**

**Det held leiari i Uskedalen Bondelag Olav Hjetland Bringedal fram i eit stort oppslag om matjordvernet i Grenda i dag. Han strekar under at matjord er det mest verdifulle vi har og at vi må klara å la dei 3 prosent vi har att vera i fred.**



[Olav Hjetland Bringedal i det nye sauefjøsset sitt](#) Foto: Ola Matti Mathisen

Bondelagsleiari her i bygda meiner vi har vore heldige her i kommunen til no fordi vi har hatt politikarar og landbrukskontor som har god styring og veit kva verdiar vi har.

Han har vore villig til å sjå an politikken til Sylvi Listhaug og gje ho ein sjanse, men dette utspelet viser at ho ikkje har respekt for matproduksjonen i landet. Ho bryr seg ikkje om matjorda. noko som strir mot haldningane til folk flest.

Hjetland Bringedal trur utbyggjarane før hadde ei anna forståing av verdien av dyrka mark. No vel dei den enklaste og rimeligaste løysinga og han er redd for at trykket vil auka enda meir på grunn av auken i folketalet. Hvis utbyggjinga av dyrka mark held fram kan vi ikkje klare å produsera nok mat.



Bjørgulv Eik på Sandabakkane. Kva vil skje med dei? Foto: Ola Matti Mathisen